

1. Læreplanen blir brukt aktivt på vår skule fordi det er styringsdokumentet vårt.

2. Å arbeide med læringsutbytte (kompetansemål i undervisningsplanlegginga handlar om å ta utgangspunkt i det eleven skal kunne – og bestemme (designe) innhald, aktivitetar og vurdering etter det.

3. Tilbakemeldingane fungerer best når dei ikkje blir kombinert med ein karakter.

4. At eleven trenar, med smarte strategiar, på det som er viktig i faget, er avgjerande for læring og kompetanseutvikling i fag.

5. På skulen vår har undervegsvurderinga fokus på forbetringar frå tidlegare prestasjonar og kva som krevst i framtidige prestasjonar.

6. Hos oss reflekterer elevane regelmessig over eigen kompetanseutvikling.

7. Ved å jobbe godt med undervegsvurdering blir det lettare å gjere ein likeverdig og rettferdig standpunktvurdering.

8. Ved å jobbe godt med undervegsvurderinga kan elevane bli bevisste på eigen læringsprosess og kompetanse.

9. Vi jobbar målretta med tekstane om formål, hovudområde og dei grunnleggande ferdigheitene, fordi dei er ein føresetnad for å forstå kompetansemåla og kva dei samla kompetansemåla i faget er.

10. Eleven kan ha auka kompetansen sin i nokre kompetansemål ved å jobbe med andre deler av faget.

